



KI-notat nr.: 31/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Bele Kraftverk DA/Bele kraftverk	
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Surnadal	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: <i>Øystein Grundt</i>
Saksbehandler:	Tale Helen Seldal	Sign.: <i>Tale Helen Seldal</i>
Dato:	16 APR 2009	
Vår ref.:	NVE 200801291-26 ki/thse	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Bele kraftverk i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Uttalelser til søknaden	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	15
Tilleggsutredninger	18
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	20
NVEs vurdering	26
NVEs konklusjon	31
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven	32

Sammendrag

Bele Kraft DA søker om tillatelse etter vannressursloven til å regulere Midt- og Stor-Belevann med 2 meter og bygge Bele kraftverk i Beleelva i Surnadal kommune. Kraftverket søkes bygget med hovedsakelig nedgravd rør og kraftstasjon i dagen.

Bele kraftverk vil i følge søknaden utnytte avløpet fra et felt på ca. 6 km² i et 388 m høyt fall i Beleelva, mellom kote 428 og kote 40. Installasjonen vil være på ca. 2,7 MW (basert på gamle beregninger) med en estimert årsproduksjon på 11,4 GWh (oppjustert fra 8 GWh etter nye beregninger).

Surnadal kommune har ingen særlige merknader til tiltaket, men vektlegger viktigheten av at avbøtende tiltak som nevnt i søknaden blir gjennomført. Kommunen gir dispensasjon fra kommuneplanens arealdel for bygging av kraftverket og fradeling av parseller. Møre og Romsdal fylke har ingen merknader i forhold til kulturminner men viser til meldeplikt etter kulturminneloven § 8. Fylket tilrår at man bl.a. ser nærmere på trasévalg/rørgate, vurderer fullprofilboring, å ikke regulere vannene og legge inntaket lenger ned i elven. Dette grunnet landskapsmessige utfordringer med å

legge rørgaten og at reguleringen vil få negative konsekvenser for landskapsopplevelse og ferdsel i et mye lokalt brukt turområde. Videre peker fylket på at kraftstasjonsplasseringen vil direkte påvirke anadrom strekning. Sametinget har ingen spesielle merknader til planforslaget, men viser til meldeplikten etter kulturminneloven § 8, 2. ledd. Statens Vegvesen har ingen merknader til tiltaket. Istad Nett uttaler at er viktig at det planlagte tiltaket blir koordinert med Svorka Energi AS som er områdekonsesjonær. Det må også sjekkes at det er ledig kapasitet i 22 kV nettet for innføring av planlagt ny produksjon. Reindriftsagronomen i Sør-Trøndelag/Hedmark uttaler at reguleringen faller utenfor deres forvaltningsområde, og har av denne grunn ingen merknader til saken.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal mener at søknad og biologisk mangfold-rapport er til dels svært mangelfull. De peker på at inngrepet fører til reduksjon i INON og viser til at friluftsinnteressene i området påvirkes negativt pga. reguleringssoneens synlighet på lang avstand, påvirkning av hytter og næst, iskvalitet, behov for ny traktorvei og fare for økt trafikk og støy fra biler. De ber om at det ikke gis tillatelse til effektkjøring pga. anadrom fisk og isforhold på vannene. Naturvernforbundet er skeptisk til om etablering av rørtraseen lar seg gjennomføre som skissert. Jonas Sæterbø er eier av en hytte langs Stor-Belevann og mener at hans hytte ikke tåler noen oppdemming av vannet. Det er 2 hytter og 4 naust som blir direkte berørt av en økt vannstand. Rune Aasgaard (privat person) viser til negative landskapsinngrep ved reguleringssoneene, langvarige sår i sårbart høyfjellsterreng og redusert vannføring i fossene i Beleelva. Fortsatt kjøring av det gamle kraftverket vil ytterligere forringe Belefossen. Videre peker han på fare for stranding av anadrom fisk nedenfor kraftstasjonen og fare for frostrøyk og isoppstuvninger. Aasgaard foreslår i henhold til dette diverse avbøtende tiltak, bl.a. restriksjoner på vannstand om sommeren, vannføring om vinteren og kjøring av kraftverket, høyere minstevannføring og avvikling av gammelt kraftverk.

NVE legger vekt på at en utbygging av Bele kraftverk vil gi en viss økning i kraftproduksjon og bidra til økt lokal verdiskapning og inntektsgrunnlag for grunneierne.

Tiltaket vil føre til betydelige konsekvenser for landskap og friluftsliv i tiltakets øvre del, da særlig knyttet til reguleringene av Midt- og Stor-Belevann og inngrep knyttet til etablering av rørgate gjennom myr og bratt terreng. En utbygging uten regulering av Belevannene, med inntak på kote 417 og øvre del av vannveien lagt i fjell, vil etter vårt syn redusere konfliktnivået i betydelig grad. I tiltakets nedre del renner Belefossen som et vesentlig landskapselement, og nedstrøms fossen er Beleelva leveområde for anadrom fisk. NVE mener at med en minstevannføring som er høyere om sommeren enn om vinteren gir prosjektet akseptable konsekvenser for landskapet og verdiene i og langs elven.

NVE mener fordelene ved bygging av Bele kraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Bele Kraftverk tillatelse til å bygge Bele kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår. Det gis ikke tillatelse til regulering av Midt- eller Stor-Belevann, da kravet i vannressursloven § 25 ikke er oppfylt for denne delen av søknaden.

Søknad

NVE har den 28.3.2008 mottatt søknad fra Bele Kraftverk DA om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge et kraftverk i Beleelva i Surnadal kommune.

Det er også søkt om tillatelse etter energiloven til bygging og drift av kraftstasjonen med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer og etter forurensningsloven om tillatelse til gjennomføring av tiltaket.

Bele kraftverk vil utnytte tilsiget fra et felt på 6 km². Det søkes om 2 m regulering av to vann, Stor- og Midt-Belevann. Vannet føres fra inntaket ved utløpet av Stor-Belevannet gjennom en 1800 m lang rørgate i et 388 m høyt fall mellom kote 428 og kote 40. Kraftverket var opprinnelig beregnet til å produsere 8,0 GWh i et midlere år, fordelt på 4,5 GWh sommerproduksjon og 3,5 GWh vinterproduksjon. Nye beregninger viser en årlig middelproduksjon på ca. 11,4 GWh.

Det var opprinnelig ikke planlagt å slippe minstevannføring, men det foreslås nå slipp av minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring på 57 l/s, og fortrinnsvis bare om sommeren.

Fra søknaden refererer vi følgende hoveddata:

Kraftverket

Nedbørfelt (km ²)	6
Middelvannføring (l/s)	450
Alminnelig lavvannføring (l/s)	57
Inntak på kote	428
Avløp på kote	40
Brutto fallhøyde (m)	388
Midlere energiekvivalent kWh/m ³	0,80
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	0,9
Slukeevne, min. (m ³ /s)	0,05
Tilløpsrør, diameter (mm)	600
Tilløpsrør, lengde (m)	1800
Installert effekt, maks. (kW)	2700
Brukstid (t)	3300
Magasinivolum mill. m ³ - Stor-Belevatn	0,89
Magasinivolum mill. m ³ - Midt-Belevatn	0,43
Magasinivolum mill. m ³ - Totalt	1,32
HRV - Stor-Belevatn	429
LRV - Stor-Belevatn	427
HRV - Midt-Belevatn	438
LRV - Midt-Belevatn	436
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 - 30/4)	3,5
Produksjon, sommer (GWh) (1/5 - 30/9)	4,5
Produksjon, årlig middel (GWh)	8,0
Utbyggingskostnad (mill.kr)	19,9
Utbyggingspris (kr/kWh)	2,5

Elektriske anlegg

Generator	Ytelse MVA	Spennings kV
	2,5	0,69/22
Transformator	Ytelse MVA	Omsetning kV/kV
	2,5	0,69/22
Kraftlinjer	lengde	Nominell spenning kV
	50 m	22

Uttalelser til søknaden

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Surnadal kommune vedtok i kommunestyret den 26.6.2008:

"Surnadal kommune har ingen særlege merknader til søknad om etablering av kraftverk i Beleelva som omsøkt i søknad til NVE datert 28.03.08 men understrekar viktigheita av at avbøtande tiltak nemnt i søknadens kap. 4 blir gjennomført

Med heimel i § 7 i plan- og bygningslova får Bele kraftverk DA dispensasjon frå kommuneplana sin arealdel for etablering av småkraftverk i Beleelva. Med heimel i same regel får eigar av gnr. 86, bnr. 1, Helga Bele dispensasjon frå kommuneplana sin arealdel for frådelling av parsell til ny kraftstasjon. Eigar av gnr. 86, bnr. 2, Magne Sollid, får dispensasjon for frådelling av tomt rundt eksisterande kraftstasjon. Begge parsellane skal overførast til Bele Kraftverk."

Videre refereres fra saksutredningen:

"(...) Biologisk mangfold er undersøkt av Allskog, sjå vedlegg 10. Rapporten konkluderer med at det ikkje er registrert sårbare naturverdiar som er avhengige av dagens vassføring. Ingen artar av eller planter på nasjonal raudliste over trua artar vart registrert. Fossekall held til i vassdraget og denne arten kan nok bli noko negativt påverka ved ei utbygging. Arten er ikkje trua eller sårbar i Norge. Rapporten frå Allskog konkluderer også med at lav- og mosefloraen er av triviell karakter. For tida pågår ei kartlegging av trua og-/eller sårbare naturtypar i Surnadal med utgangspunkt i DN-Handbok 13, 1999. Miljøfaglig utredning AS utfører dette arbeidet, og firmaet vart i samband med at søknaden frå Bele kraft er ute til høyring, bedt av Surnadal kommune om å vurdere ev. forekomst av verdifulle naturtypar i tilknytning til Beleelva. Firmaet er kjent for å ha svært god kompetanse innafor slik kartlegging. Heller ikkje Miljøfagligutredning fant verdiar knytt til Beleelva som har betydning for biologisk mangfold/naturtypar.

Allskog har også foretatt ei fiskeundersøking i Beleelva. Undersøkinga viser at sjøaure går omlag 2 km opp i elva, dvs. opp til ein foss om lag 200 m ovanfor planlagt plassering av kraftstasjon. Strekninga mellom kraftstasjonen, kor vatnet vil gå ut i elva igjen, og fossen blir vurdert til å ha svært begrensa betydning for som habitat og produksjonsareal for auren. Planlagt utbygging vil derfor generelt få begrensa betydning for fisk og ferskvassbiologi. Ved oppdemming av Stor- Belevatnet og Midt-Belevatnet vil ein dei første åra kunne få auka utvasking av næringsstoff frå dei neddemnte areala.

Som nemnt i søknaden har Beleelva ein markert vårflomperiode, men flaumepisodar kan også forekomme om hausten og vinteren. Mest markante lågvassperiode er på ettervinteren og seinsommar. Ei utbygging som omsøkt vil gi tydeleg redusert vassføring i Beleelva mellom inntaket og kraftstasjonen. Magasinet vil verke flaumdempende, og gi færre og mindre flaumar. Ved stor vassføring er ein foss i vassdraget synleg frå Bele og Rv. 65. Periodane det vil vere vassføring i denne vil bli redusert. Generelt redusert vassføring i elva mellom kraftstasjon og inntaket vil få liten betydning då området er lite nytta i friluftslivsamanheng. Vedlegg 4 viser neddemt/tørrlagt areal dersom omsøkt regulering blir realisert. Dette vil klart endre inntrykket av vatnet, ikkje minst når vatnet er heilt nedtappa, kor ei opp til 2 m brei reguleringssone utan vegetasjon rundt vatnet kan bli synleg.

Rundt Belevatna er det eit titals hytter og naust. Dei færreste tek seg til området via Bele/langs Beleelva, dei fleste går frå Åsskardhøgda. Reguleringa av vatnet som kraftutbygginga vil

medføre vil gjere isen på vinterstid meir usikker. Dette er klart negativt. Rørgata langs Beleelva vil på størstedelen av strekninga bli gravd ned i lausmassar. Med framlagt forslag til trase må lag 150 m grøft sprengast i dei øvre delane. Evt. kan rørgata leggest i dagen. Fjorderuta som er merka og vedlikehalde av Kristiansund og Nordmøre turistforening går mellom Stor-Belevatnet og Midt-Belevatnet.

Surnadal kommune har eit vassverk på Bele som tek vatn frå Beleelva. Vassverket forsyner 2-gardar og 5-8 bueiningar. Jfr. søknaden kap. 3.10 skal vassverket oppretthaldast også etter ei kraftutbygging. Det ligg også føre ein avtale mellom Surnadal kommune og grunneigarane om vassverket. Grunneigarane skal ved regulering og drift av eksisterande kraftverk så vidt mogleg syte for at det til ei kvar tid er nok vatn for vassverket.

Som det kjem fram i søknadens kap. 4 vil det ved ei utbygging bli utført avbøtande tiltak i form av minstevassføring i elva tilsvarende alminnelig lågvassføring. Rørgata skal gravast ned i heile si lengde. I lys av dette må det kunne konkluderast med at etablering av kraftverk som omsøkt i søknad til NVE datert 28.03.08 vil få få konsekvensar for biologisk mangfold, fisk, landskap og friluftsliv.

Dei fysiske inngrepa ei slik utbygging medfører treng som nemnt dispensasjon frå kommuneplana sin arealdel med heimel i § 7 i plan- og bygningslova. Som særleg grunn til å imøtekome søknaden kan det visast til at tiltaket ikkje får vesentlege konsekvensar for allmenne interesser og til det vel kjente kraftunderskotet i Midt-Norge. Det same kan seiast i høve til frådeling av eigne parsellar rundt eksisterande og ny kraftstasjon. ”

Møre og Romsdal fylke uttaler i brev av 3.6.2008:

”(...) Automatisk freda kulturminne

Vi ber om at ein tar kontakt med oss dersom det skulle dukke opp noko av arkeologisk interesse i området, jf. kulturminnelovas § 8.

Natur - og miljøvern

Vi var den 20.05.08 på synfaring i området saman med kommunen og utbyggerane. Hovudinntrykket er at det vil vere store landskapsmessige utfordringar med å leggje rørgata i dette til dels svært bratte terrenget. Traseen som konsulenten har vist i søknaden synte seg ikkje å vere den som utbyggerane har tenkt seg, særleg i det midtre partiet. Her er ønsket å legge rørgata mellom stien/traktorvegen og elva. Det betyr at rørgata vil bli liggande svært nære elva på enkelte parti. I den øvre, bratte delen består terrenget stort sett av berg og bart fjell i dagen. Dette vil bety mykje sprenging for å få gravd ned rørgata. Vil rå til at fullprofilboring blir vurdert, i alle fall på deler av strekninga.

Prosjektet inneber regulering av dei to nedste Belevatna med 2 m. I området, særleg rundt Nedre Belevatn, ligg naust og eit ti-tals hytter. Området er relativt mykje nytta som eit lokalt turområde. Reguleringa av desse vatna vil, i følgje søknaden, kun gi 5 % større årsproduksjon. Sett i forhold til dei negative konsekvensane reguleringa vil få for landskapsopplevinga og ferdsla (m.a. endra istilhøve om vinteren) rundt vatna kan vi ikkje sjå at dette bør tilråast. For å ikkje kome i inngrep med områda rundt vatna vart det også diskutert å leggje inntaket lenger ned i elva (t.d. ned mot kote 400). Dette bør vurderast i det vidare planarbeidet.

Biologisk mangfald

Vi har ikkje spesiell informasjon om vassdraget eller generell kunnskap som tyder på at det kan vere viktige biologiske verdiar i området som ei eventuell utbygging kan kome i konflikt med.

Det må likevel merkast at den biologiske rapporten bygger på eit sers tynt naturfagleg grunnlag og vi er usamde i kartleggingsmetodikken.

I utdraget frå utreiingsprogrammet på side 4 er det vist til at ein dokumentasjon inneber ei kartlegging av verdifulle naturtypar og eventuelle raudlisteartar etter DN's handbok 13-99. I metodekapitlet kjem det fram at det likevel er ein konsekvensmetodikk frå Statens vegvesen frå 1995 som er brukt. Vårt råd er at det vert teke utgangspunkt i kartleggingssystem som "Vegetasjonstypar i Noreg" (NINA temahefte 12) og Direktoratet for naturforvaltning si handbok 13/99 om kartlegging av naturtypar. Ein føremon ved bruk av DN sin metode er mellom anna at det må takast standpunkt til om ein lokalitet til dømes er av A, B eller C-verdi.

På side 8 er det opplyst at lav- og mosefloraen ser generelt ut til å vere av triviell karakter. Når floraen er vurdert, burde det vere eit minstekrav til rapporten at namnet på dei funne artane var nemnt. Sjølv om ein art kan vere vanleg, kan den likevel vere indikator på at meir interessante artar kan vekse i området eller gi signal om at området kan innehalde prioriterte naturtypar etter DN sitt kartleggingssystem.

Etter kapitel 3.1 er vurdering av status gjort på bakgrunn av kontakt med kommunal miljøansvarlig, gjennomgang av litteratur og tilgjengelege databasar. Vi må etterlyse namna på munnlege kjelder, titlar på gjennomgått litteratur og namna på alle tilgjengelege databasar som er brukt i dette prosjektet.

Vi må også etterlyse eit kart som viser avgrensinga til vegetasjonstypane som det er opplyst om i kapitel 5.4.

Sjølv om det er ei økonomiske ramme for kva som kan krevjast av naturfaglege undersøkingar, må vårt råd likevel vere at NVE på eit generelt grunnlag sett større krav til innhaldet i ein rapport om biologisk mangfald enn det som kjem fram av denne.

Fisk

Stasjonsområdet er lagt på kote 40 om lag 200 m nedanfor øvre grense for anadrom fisk. Vi er inne i ei tid der det er eit stort press på laksefisk og det er gitt nasjonale føringar om å ta vare på anadrome ressursar - også dei små system. Vi registrerer at fiskerapporten konkluderer med at denne strekninga ikkje har særleg betydning som habitat og produksjonsareal, men vi vil likevel rå til at stasjonen blir flytta så langt opp som praktisk mogleg, slik at anadrom strekning blir minst mogleg påverka. Vi kan ut over dette ikkje sjå at det vil vere naudsynt med særskilt behandling etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over. Etter vårt syn er ikkje prosjektet ferdig utarbeidd. Vi rår til at ein m.a. ser nærare på:

- Traseval-røyrgate
- Vurdere fullprofilboring
- Ikkje regulere vatna
- Vurdere inntak lenger ned"

Sametinget uttaler i brev av 1.6.2008:

"Etter vår vurdering av beliggenhet og ellers kjente forhold kan vi ikke se at det er fare for at tiltaket kommer i konflikt med automatisk fredete samiske kulturminner. Sametinget har derfor ingen spesielle merknader til planforslaget.

Skulle det likevel under arbeid i marken komme fram gjenstander eller andre levninger som viser eldre aktivitet i området, må arbeidet stanses og melding sendes Sametinget omgående, jf. lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kml.) § 8 annet ledd. Vi forutsetter at dette pålegg formidles videre til dem som skal utføre arbeidet i marken.

Vi minner om at alle samiske kulturminner eldre enn 100 år er automatisk freda i følge kml. §4 annet ledd. Samiske kulturminner kan for eksempel være hustufter, gammetufter, teltplasser (synlig som et steinsatt ildsted), ulike typer anlegg brukt ved jakt, fangst, fiske, reindrift eller husdyrhold, graver, offerplasser eller steder det knytter seg sagn til. Mange av disse er fortsatt ikke funnet og registrert av kulturminnevernet. Det er ikke tillatt å skade eller skjemme fredet kulturminne, eller sikringssonen på 5 meter rundt kulturminnet, jf. kml. §§3 og 6.

Vi gjør forøvrig oppmerksom på at denne uttalelsen bare gjelder Sametinget, og viser til egen uttalelse fra Møre og Romsdal fylkeskommune."

Statens vegvesen uttaler i brev av 3.6.2008:

"(...) Dersom ovennevnte tiltak ikke berører riks- og/eller fylkesveg, har Vegvesenet ut fra sitt ansvarsområde ingen merknader"

Istad Nett uttaler i brev av 6.6.2008

"Istad Nett uttaler seg som ansvarlig for regional kraftsystemutredning i Møre og Romsdal.

Bele Kraftverk DA søker om tillatelse til å bygge Bele kraftstasjon i Surnadal kommune, i Møre og Romsdal. Kraftverket vil få en maksimalt installert effekt på 2,7 MW og en midlere årlig produksjon på 8 GWh. Planlagt merkespenning på generatoren er 0,69 kV. Det etableres en transformator med ytelse 2,5 MVA og spenningsomsetning 0,69/22 kV for innmating til 22 kV nettet.

Det er viktig at det planlagte tiltaket blir koordinert med Svorka Energi AS som er områdekonsesjonær. Det må også sjekkes at det er ledig kapasitet i 22 kV nettet for innmating av planlagt ny produksjon.

Vi har for øvrig ingen merknader til søknaden fra Bele kraftverk DA."

Reindriftsagronomen i Sør-Trøndelag/Hedmark uttaler i brev av 23.10.2008:

"Denne regulering faller utenfor vårt forvaltningsområde, og har ingen betydning for tamreindriften i Trollheimen. Reindriftsforvaltningen Sør-Trøndelag/Hedmark har av denne grunn ingen merknader til saken."

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal uttaler i brev av 6.6.2008:

"Grunneigarane i dette prosjektet har til no gjort to dårlege val. Rovas AS som utbyggjar har levert ein søknad som er svært mangelfull, og Allskog ved Ola Bakken har levert ein rapport som ikkje kan reknast som ein biologisk mangfaldrapport. Det er synd at NVE har sendt dette vidare på høyringsrunde.

For oversynet sin del finst det greie kart, men biletaterialet manglar nærast fullstendig. Bilete finst på side 40, 52, 55, 56 og 57, mesteparten relatert til fiskeundersøkinga. Vi saknar bilete både frå kraftstasjonsstad, inntaksdam, vatna som er planlagd regulert og spesielle parti og typiske parti i vassdraget, som eit minimum. Eit oversynsbilete frå andre sida av fjorden burde også vere mogleg i dette høvet.

Under brukarinteresser skulle ein tru at KNT sin turiststig Fjodruta som går mellom Store og Midtre Belevatna skulle ha vore nemnt. Verknaden av regulering av vatna for dei private hyttene bør også ha interesse.

Regulering av vatna er knapt nemnt utover kart som syner areal som blir direkte råka.

Rørtraseen er vi spent på om i det heile let seg gjennomføre. Innslaget av fjell trur vi er større enn det som kjem fram i søknaden, og sjølv valet av trase kan vel også vere vanskeleg.

Vassføringstilhøve mellom ny utbygging og eksisterande utbygging er i beste fall noko uklar.

Det er elles mykje vassdrag i dette området som alt er regulert.

Naturvernforbundet har ikkje tru på at dette prosjektet kan gjennomførast med regulering av Belevatna. Ei utbygging av Belevassdraget med eit bekkeinntak i høgde litt under skoggrensa står då att som alternativ. Når vassdraget alt er delvis utbygd lenger ned, og med dei grunntilhøva vi trur det er tale om, tvilar vi på om det er eit økonomisk interessant prosjekt.

1. Inngrepsfrie område:

Sørsida av Bævra er i stor grad utbygd når det gjeld vassdrag. På nordsida av Bævra har det gått med store areal av urørtområde til vassdragsregulering og kraftliner dei siste tiåra, slik det går fram av oversynet nedanfor (kart over INON ikke referert her, NVEs merkn.).

Det høyrer med at mykje av det som er grønt på kartet er truga av nye kraftutbyggingar, både vasskraft og vindkraft. Ved utbygging som omsøkt vil mykje av restarealet i sone 3-5 km frå inngrep falle bort og gå over til sone 1-3 km, i tillegg til at det går med over 3 km² av sone 1-3 km. INON-areal som dette er ofte skilt ut som naturtype inngrepsfritt naturområde og får verdi viktig (B) pga. storleik når dei er så store som her. Dette urørtområdet er elles ein del av prioritert område nr. 11 i fylkesdelplan for inngrepsfrie område i Møre og Romsdal. Tap av inngrepsfriområde er ikkje omtala i rapporten om biologisk mangfald, ein klar mangel, jf. pkt. 5.5 i veileder 3-2007.

2. Friluftslivsinteresser:

Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT) har ein del av stigsystemet Fjodruta gjennom området. Stien går omlag i retning aust-vest og passerer mellom Midtre- og Store Belevatnet (innteikna på kart, vedlegg 12). Reguleringssona vil vere meir og mindre synleg frå over 3 km lang strekning frå nemnte stig. Stigen er i utgangspunktet lagt unna tekniske inngrep så langt det let seg gjere, og regulering av vatna vil påverke friluftslivet her negativt.

Elles ligg det hytter kring vatna som det er planar om å regulere. Ei regulering vil få verknad både for hytter og båtplassar.

Ved regulering av vatna vil iskvaliteten avhenge av reguleringsregimet om vinteren. Iskvaliteten er så vidt omtala i søknaden, reguleringsregimet er det vel ikkje. Mellom linene kan det sjå ut til at reguleringshøgda skal nyttast fullt ut om vinteren også. Dette vil vere eit inngrep både når det gjeld ferdsel om vinteren og når det gjeld fiskeinteresser som det heller ikkje står mykje om.

Traktorveg fram til damstad ved Store Belevatnet blir framstilt som ein fordel for friluftslivet. Ein skal minne om at det i dag finst svært mange vegar ein kan ferdast etter. Dei som treng veg for å kome seg ut har såleis godt høve til det andre stader. Tradisjonelle stigar som er godt opptrakka blir det derimot helst mindre av. Ein skal elles minne om at området i dag ligg slik til at ein i liten grad merkar noko til lyd frå trafikk, t.d. når ein går langs KNT sin stig, eller har opphald på dei private hyttene. Dette er ein kvalitet som er sjeldan og som har stor verdi. Denne kvaliteten vil fort bli øydelagt ved at det kan bli trafikk til dammen. Når det først har kome ein veg til slike stader har det lett for å utvikle seg til meir transportbehov til hyttene også. Ser ein for seg at ein då over noko tid får større hytter og større behov for aggregat osv. vil naturopplevinga i området endre karakter over noko tid.

3. Naturverdiar – biologisk mangfald:

Oversynet når det gjeld naturverdiar bør ein kunne vente å finne i rapporten om biologisk mangfald. Det må innleiingsvis seiast at denne rapporten er laga før siste gjeldane rettleiar frå NVE, og den nye raudlista. Såleis skulle rapporten ha vore oppdatert. Men det kan vere like greitt at dette ikkje er gjort. Vedkomande leverandør av rapport har vi hatt kontakt med ved to høve tidlegare: Gryta kraft i Rindal og Kysinga kraft i Rindal. For Gryta kraft fekk Naturvernforbundet gjort eigne undersøkingar der det blei påvist fleire raudlisteartar avhengig av vassføringa, feil i berggrunnsvurderinga og feil i naturtyperegistreringa. Ytterlegare detaljar om dette finst på <http://www.naturvern.no/cgi-bin/naturvern/imaker?id=97590>. For Kysinga kraft har vi ikkje gjort tilsvarande undersøkingar, men mange av dei same feila og manglane såg ut til å vere til stades også der. Det er vår påstand at vedkomande ikkje er kompetent til å levere slike rapportar i samband med vasskraftutbygging.

Veileder 3-2007 seier mellom anna dette om kompetanse og krav knytt til slik rapportering: Feltundersøkelsene skal utføres av en faglig kompetent person innen de temaene som er viktigst i den enkelte sak. Fylkesmannen og ev. NVE kan på forespørsel på forhånd vurdere hva som er viktigst. Erfaringsmessig er forekomst av spesielle naturtyper som bekkekløfter og fosseenger og fuktighetsavhengige planter, særlig moser og lav, sentrale tema.

Kva seier rapporten om naturtypar knytt til vassdrag?

"Pkt 5.2 Topografi

Vassdraget ligger nord for Skei, som er sentrum i Surnadal kommune, og har en sørvestlig eksposisjon/hellingsretning. I øvre del er det myrområder med liten helling, og sakte strømmende vann. I midtre og nedre del er det en del fosser og stryk med raskt strømmende vann."

Spørsmålet er følgeleg om nokre av desse fossane og stryka utgjer naturtypar som bekkekløfter og fosseenger.

I punktet om naturtypar blir det sagt følgjande:

"5.4 Naturtyper. Vegetasjonstyper

Blandingsskog av furu og bjørk på middels og lavere bonitet, med spredte innslag av andre nordiske lauvtrær, dominerer langs elvestrengen. Det er også noen få mindre plantefelt med gran.

Vegetasjonstypene bærlyng-, blåbær- og småbregneskog er vanligst. Det ble også registrert små områder med høgstaude langs ved bekken, med karakterartene mjødurt, tyrihjel, turt og firblad. I øvre del er det myr og fjellområder."

Andre organismesamfunn

Det henvises her til punkt 5.3 Artsmangfold.

Verdifulle naturtyper

Det er ikke registrert spesielt verdifulle naturtyper i området."

Der det ikkje finst noko av naturtypane bekkekløfter eller fosseenger bør det gjerne kommenterast at det ikkje finst. Ein enkel dokumentasjon ved bilete av parti i elva som er nærast å bli vurdert som dei nemnte naturtypane kan fortelje om dei vurderingane som er gjort. Sjølv ei setning om at heile elvestrengen er synfart og det er ikkje funne lokalitetar av bekkekløfter eller fosseenger ville i det minste klarlagt at spørsmålet ikkje er oversett. Denne rapporten lar oss ikkje få noko haldepunkt og vi veit vel ikkje om dei to nemnte naturtypane finst eller ikkje.

Fuktigheitskrevjande mosar og lav er eit anna sentralt punkt i veileder 3-2007.

"5.3 ArtsmangfoldGenerelle trekk

Lav- og mosefloraen ser generelt ut til å være av triviell karakter. Det ble registrert enkelte rikbarkstrær, som rogn og selje, uten att det ble funnet lungenever eller andre arter neverlav. Det ble registrert små mengder mose, og mosefloraen ser generelt ut til å være av triviell karakter. Virvelløse dyr ble ikke vektlagt ved undersøkelsen. Det er ikke kjent at undersøkelsesområdet har særskilte kvaliteter for disse organismegruppene."

Viss det hadde stått at alle område påverka av vatn ligg rett mot sør slik at ein ikkje har mose- og lavvegetasjon i skugge nokon stad, så hadde vi fått ei forklaring på kvifor det er lite potensiale for funn av interessante artar. Dette kan ein få meir inntrykk av viss nokre av namna på dei trivielle artane blir lista opp. Det vi får opplyst her kan bety alt mogleg. Det kan skuldast at her ikkje finst mose, at det er heilt vanlege moseartar, at moseartane er bestemt med kikkert, at vurderinga er gløymt eller at registranten ikkje kan noko større om mosar. Det held ikkje når det i veileder 3-2007 blir sagt: "Dersom det konkluderes med at sannsynligheten for funn av rødlistearter er liten, må det gis en faglig begrunnelse for denne konklusjonen".

Det er då spørsmål om dette er standarden for resten av rapporten. Rapporten er på 11 sider. Det er eit bilete som har avgrensa verdi. Side 5 er det litt om datagrunnlaget for området. Side 8 og 9 inneheld observasjonar frå området. Side 9 og 10 har vurderingar frå området. Mesteparten av rapporten fortel om system og metodikk som har mindre interesse når ein ikkje veit noko særleg om dette er følgt opp i den praktiske undersøkinga. Når også ein del av dei sakstilpassa sidene er veldig generelle, kjem det ikkje fram mykje i rapporten.

Ein rask gjennomgang viser dette:

Lav: "Ser generelt ut til å være av triviell karakter." Dette er ein upresis påstand som ikkje dokumenterar noko. Her burde vi fått opplyst kva ein kunne ha forventa var i dette området, og fått eventuelle opplysningar om at dette er funne eller sannsynlege forklaringar på at det ikkje er funne. Så kunne vi ha fått ei vurdering av om dette var noko av spesiell verdi. Vi får høyre at det er observert enkelte rikbarkstre, men at det ikkje blei funne lungenever eller andre artar neverlav. Her er det tendensar til noko, men det er ikkje vurdering av kvifor det ikkje er slike funn. Konklusjon lav: Vi veit litt om lav, men ikkje mykje, og vi har ikkje noko grunnlag for å vurdere om området har potensiale over tid for sjeldne lavartar.

Mose: "Det ble registrert små mengder mose, og mosefloraen ser generelt ut til å være av triviell karakter." Konklusjon mose: Det vi får vite om mose er tilnærma verdiløst med omsyn til å vurdere kva som finst i området.

Sopp: Ikkje sagt noko.

Karplanter: Mjødurt, tyrihjel, turt og firblad er nemnt. Vidare er nemnt nokre tresortar, blant dei alm. Alm er no raudlista som NT. Det står i rapporten at det ikkje er funne raudlisteartar.

Konklusjon karplanter: Eit raudlistefunn er ikkje nemnt som raudlistefunn som følge av manglande oppdatering av rapporten. Fleire opplysningar her kunne ha sagt noko om kva slag myrer det er kring øvre del av vassdraget og i sonene som blir påverka av reguleringstiltaka.

Virvellause dyr: Ikkje vektlagt. Konklusjon virvellause dyr: Endeleg ei utsegn som ein kan stole på og som ein veit innhaldet av.

Fugl: 3 fugleartar med vasstilknytting spesielt nemnt. Vidare ein art knytt til skog nemnt.

Konklusjon fugl: Kva som eigentleg finst av fugl i dette området veit ein vel ikkje etter dette.

Pattedyr: Opplyst at inngrepet venteleg ikkje har verknad for pattedyr. Konklusjon pattedyr: Finst det oter i vassdraget? Det som står er opplysande, men gir ikkje svar.

Naturtypar: Det er nemnt noko om vegetasjonstypar. Eit innslag av høgstaude kan vurderast på fleire måtar, men ein får ikkje mykje hjelp her. Myr er nemnt, men ikkje kva type. Det er opplyst at ingen truga naturtypar kjem i kontakt med tiltaket. Då er spørsmålet om rapportør har oversyn over kva naturtypar som er truga, og om det er den same vurderinga av det i 2008 som i 2005.

Finst det fossesprøytoner i dette vassdraget? Denne elva som har fall på nesten 400 meter på ei strekning av under 2 kilometer kan vel også ha ei og anna bekkekløft. Ville slike opplysningar ha blitt nemnt i rapporten viss det er noko slikt? Eller er dette gløymt?

Elles finst det jo ikkje noko som helst om verknader knytt til regulering av vatna.

Vi får ikkje noko større beskjed om kva artsgrupper rapportør kan noko om. Tittelen tilseier at han veit noko om tresortar og skogsveggar og det syner igjen i rapporten, men utover det veit vi ikkje noko.

Det er elles ikkje gjort noko forsøk på å plassere naturverdiane i dette vassdraget inn i ein samanheng med andre vassdrag i nærleiken.

Konklusjon: Rapporten oppfyller ikkje krava til slike rapportar, jf. veileder 3-2007.

Systematikken i rapporten gjer at det er nærast umogleg å etterprøve noko som helst.

Vedkomande rapportør har ved liknande høve levert produkt med feil og manglar i slik grad at det kunne ha vesentleg utfall for vurderinga av saka. Rapporten må underkjennast. Dette er eit så dårleg produkt at utbyggjar bør få pengane tilbake. Søkjar må påleggast å gjere undersøkingane på nytt.

4. Regulering av vatna

Det er ikkje lista opp nokon konsesjon knytt til vassdrag 112.4Z frå før.

Det er omsøkt regulering av to vatn. Det går fram av søknaden at dei har vore regulert før, men det blir ikkje sagt noko om kva rettsgrunnlaget er for denne reguleringa. Vidare blir det ikkje sagt noko om reguleringa slik ho fungerer i dag.

Ein kan lese mellom linene at Midt-Belevatnet ikkje har regulering i dag, og at vatnet har eit nivå tilsvarende lågaste reguleringshøgde frå tidlegare. Det står lite i søknaden om tilstanden i reguleringssona frå tidlegare. Det normale er at tidlegare regulant har plikt til å halde ei reguleringshøgde som gjer at dei negative konsekvensane av tidlegare regulering vil vere minst mogleg, og at reguleringshøgde på sikt blir tilbakeført til det naturlege så langt som råd.

Elles vil tidlegare regulering ofte ha hatt annan funksjon og følgeleg også anna verknad. Ein kan ikkje berre ta i bruk ei gamal regulering utan å sjå på verknadene av dei nye behova som er omsøkt. Konsekvensane av regulering må utgreiast og vurderast nærare.

Eit spørsmål i tillegg til dei som har med direkte påverknad av natur og landskap er korleis dammen skal manøvrerast. Vil det bli tale om stadig trafikk med motorkøyrerøy, eller skal det leggjast opp til straumforsyning og styring?

For Stor-Belevatnet må det og lesast mellom linene. Her ligg venteleg vatnet på lågaste reguleringshøgde frå tidlegare, eventuelt at det er ei høgare reguleringshøgde som ikkje kan haldast stabil som følge av ein dam som har store lekkasjar. For den gamle reguleringa må det avgjerast kva høgde vatnet skal ha. Vidare må ansvarleg for den gamle reguleringa påleggast å stabilisere denne tilstanden på varig grunnlag.

Konsekvensane av regulering er såpass store og negative at regulering ikkje må tillatast. Om det blir gitt løyve til regulering må det setjast grense for regulering av omsyn til friluftslivet og eventuelt naturomsyn som blir påvist med ein nybiologisk mangfaldrapport. Reguleringshøgda må vere stabil i perioden med is, og det må og setjast krav om at dammen må vere tilnærma full frå midtsommar og utover hausten når friluftsisinteressene er størst.

5. Minstevassføring

Det er rekna ut ei minstevassføring, men det er uklart om søknaden legg opp til slepp av minstevassføring. Sidan det er tale om anadrom fisk høgare opp i vassdraget enn der kraftstasjonen er tenkt plassert, og det dessutan er fossefall i vassdraget, må det fastsetjast minstevassføring. For å få ein viss variasjon må minstevassføringa om sommaren vere ein del høgare, t.d. tilsvarende 5- persentilen. Rapporten på biologisk mangfald held neppe i sine formuleringar om konsekvens og avbøtande tiltak i dette spørsmålet. Vi trudde ein slik rapport skulle gjere klart kva verknaden er av manglande minstevassføring og kva ein vinn ved å sleppe vatn. I staden får vi servert eit reknestykke på kva utbyggjar vinn ved ikkje å sleppe vatn. Det er elles behov for omløpsventil slik at ikkje strekninga nedstrøms kraftstasjonen blir vasslaus ved stopp.

Det er elles noko uklart med omsyn til minstevassføring mellom inntaksdammen til noverande kraftverk og utløpet viss dette kraftverket skal køyrast på det vatnet som blir slept forbi dammen lenger opp og eventuelt tilsig nedanfor.

6. Effektkøyring

